

# Karsten og Petra helsar på Kongen

Karsten og Petra er på besøk i Oslo. Det er 17. mai. Saman med Esther og Morfar dreg dei til sentrum for å sjå på barnetoget. Dei stiller seg opp og ventar utanfor Stortinget. Heile gata er pynta med flagg. Det står mange menneske framfor dei.

No begynner det endeleg å skje noko. Først kjem fire politihestar og eit musikk-korps i soldatuniformer. Deretter kjem tre politifolk ruslande, og bak der kjem ein liten gjeng med vaksne menneske.

Det er 17. mai-komitéen. Dei som har ansvaret for heile festen!

Og så kjem sjølve toget – tusenvis av barn!

Som syng og roper hurra! Kvar skule har sin eigen fane – og nesten alle har sitt eige musikk-korps!

Noreg har verdsrekord i musikk-korps. Ingen andre land har så mange korps i forhold til folketalet!


Russen ropar og skrik. Dei dansar frå side til side i gata. Og Karsten og Petra dansar saman med dei. Russen feirar at dei er ferdig med å gå på skulen. Dei har gått på skule sidan dei var 6 år, men no kan dei endeleg gjere kva dei vil! Mange av dei har knutar på luesnorene sine. Det betyr at dei har festa ei heil natt utan å sove.

Dei dansar og syng oppover Karl Johan. Eit stykke framom dei – på toppen av ein liten bakke – ligg Kongens Slott. Det er dit toget skal. Dei skal opp og helse på kongen!

«Men kva er det for eit flagg kongen har på taket sitt?» spør Petra.

«Det er flagget med Den Norske Løva! Det er kongens eige, personlege flagg – og det viser ei gull-løve på raud bakgrunn!»

Kongen og dronninga – og kronprinsparet – står på slottsbalkongen og ventar. Mennene har gammaldagse flosshattar og grå hanskar på hendene. Damene har hattar, dei òg. Alle smiler og vinkar til barnetoget som går forbi like under dei. Og av og til veiftar kongen med flosshatten sin.



*Tor Åge Bringsværd og Anne G. Holt*